

## September 2021-13

### Informasjon om Regionalt miljøprogram 2021

Nå er det tid for å søkja på Regionalt miljøtilskot. Søknadsfristen er 15. oktober. Du søkjar elektronisk via denne linken: [Søknad for regionalt miljøtilskot](#) .

Ver ute i god tid med å søkja. Treng du hjelp oppmodar vi om at du sender ein e-post med problemet ditt. Då vil du bli ringt opp så snart vi har fått sett på det. Ikkje skriv meldingar i søknaden som du vil vi skal svara på før søknadsfristen.

Kontaktinfo - RMP:

Else Brit Helland Mæland – tlf.: 481 39 381/ 415 01 219, e-post: [ebh@ha.kommune.no](mailto:ebh@ha.kommune.no)

Tone Lillemo – tlf. 992 14 893, e-post: [tone.lillemo@ha.kommune.no](mailto:tone.lillemo@ha.kommune.no)

Det er enklast å senda søknaden elektronisk. Då kan kart frå tidlegare søknader hentast inn i årets søknad, og du kan gjera eventuelt endringar. Du kan senda søknaden og henta den opp for å gjera endringar heilt fram til søknadsfristen.

Rettleiing for ordninga: [Regionalt miljøtilskot](#).

Husk spesielt:

- Miljøvenleg spreieing av husdyrgjødsel gjeld for heile kommunen. Det må vere brukt miljøvenleg gjødslingsmetode på alle gjødslingar.
- Miljøavtale gjeld utvalde vassdrag. Alle som søkjar på miljøavtale må hugse å levere gjødslingsjournal.

Det er framleis mogleg å søkja på papir, som du kan skriva ut her: [RMP 2021 - skjema på papir](#).

Vi vil oppmoda til å levera søknaden **så snart som mogleg**, då det vil bli endå vanskelegare å nå oss når det vert opna for å søkja produksjonstilskot.

«LOKKA TE»

## KURS – KURS - KURS

### Solenergi på taket

Møte den 24. september kl 10 på Lensmannsløa.

Naturvernforbundet i Rogaland/Solsats og Klimanettverk Jæren inviterer til informasjonsmøte der tema er solenergi i landbruket. Landbruket er en viktig næring, som både bruker og produserer energi, og med sine store takflater på driftsbygninger så er det et stort solpotensial som kan hentes ut for den enkelte bonde. På dette møte kan du høre om tilskuddsordninger, plusskundeordning og lønnsomhetsvurderinger. Videre klimagevinst, leverandørinformasjon og erfaringer med anlegg på taket. [Les program og meld deg på her.](#)

### Seminar om gamle storferaser

Seminarer blir arrangert 17. - 18. oktober på Moi Hotell i Lund. Seminaret startar på sundagen med tre gardsbesøk og litt teori om fjellbeiting, og på mandagen blir det føring og økonomi i mjølkeproduksjon samt inspirasjonsforedrag om matopplevingar. Målsettinga med

samlinga er å inspirere eksisterande og potensielle nye produsentar til å auke tal mordyr og oksar, styrke nettverket mellom produsentane, og auke bruken av beiting. [Les mer her.](#)

## **Digitalt kurs for deg som skal bli eller ønsker å lære mer om Inn på Tunet**

Du får hjelp på veien til å bli godkjent gjennom revisjonsordningen til Matmerk for å kunne bruke navn og logo, og dermed øke kvaliteten på tilbudet ditt. Kvalitet er imidlertid ikke nok, tilbudet må også tilpasses et marked, og det må være forutsigbart. Dette blir også viktige temaer i kurset. Kurset går over 4 kvelder: mandag 4.okt kl 18-21; mandag 11.okt kl 18-21; mandag 25.okt kl 18-21; mandag 1.nov kl 18-21. [Les mer her.](#)

## **Siderproduksjon**

1. oktober blir det arrangert eit innføringskurs i siderproduksjon med sidersmaking og besøk til siderprodusent. Målgruppen er Lokalmatprodusentar innan frukt- og drikkeproduksjon med mindre enn 10 årsverk. Erfaring med juiceproduksjon kan vere ein fordel, men kurset passar for nybegynnarar og! [Les her.](#)